



Referat frå møte i Hardanger kulturråd i Eidfjord, kommunehuset mandag 05.02.18 kl 10:00 – 14:00.

Tilstades:

Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord kommune

Lage Thune Myrberget, Odda kommune

Olaug Værland, Jondal kommune

Anne Marit Lekve, Ulvik herad

Fra Hardangerrådet: Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim fra kl 1130

Forfall:

Olav Seim, Granvin

Mary Ann Sørheim, Kvam herad

Inger Sekse, Ullensvang herad

Agenda:

10.00 – 11.00: Sakshandsaming Hardanger Kulturråd

11.30 – 12.00: Lunsj

12.15 – 14.00.: Sakshandsaming Hardanger Kulturråd

Sakliste:

1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under siste sak.

Framtidas organisering av kultur i Odda og Hardanger

Kva skjer med kulturen i dei ulike kommunane

Kva skjer med kultur når ein legg ned kultursjef stillingane?

Kva skjer når kultur vert underlagt andre områder?

Skal me meina noko om kulturen sin posisjon i dei ulike kommunane.

Mindre fokus på kultur er mindre fokus på identitet. Det svekkar oss, kva gjer me då?

Hardanger kulturråd ønskjer ein generell diskusjon om dette.

Rapport frå ekspertutvalg: «Desentralisering av oppgaver fra staten til fylke/kommunene», om framtidig endring i struktur vart lagt fram 01.02.2018 og har 6 veker høyringsfrist

[Link til rapport her](#)

Hardanger kulturråd skal gje uttale til dette dokumentet. Viktig at Hardanger talar med ei stemme. Leiar skriv uttale med innspel frå kommunane. Før uttale vert ferdigstilt og sendt vil Hardanger kulturråd også gje kulturaktørar moglegheit for tilbakemelding.

2. Korleis me som kulturansvarlege i kommunane kan formidla kunst og kultur knytt til reiselive/hæringsliv. Samarbeid på tvers av næringane er naudsynt slik at synergieffekten gagnar begge områda.

Kultur vert knytt opp mot næring, på måtar det ikkje har vorte gjort før.

Leiar var i møte med reiselivsprosjekt der reiselivet vart informert om stoda i kultur Hardanger.

Det kom som ei lita sjokkmelding til reiselivet at kulturregionen Hardanger snart ikkje har ein einaste kultursjef att. I framtidas reiseliver det nettopp kulturen som vert berebjelken.

Resultat i Hardanger er at kultur vert dradd ned til å vera administrasjon, ikkje utvikling.

Dette er krise. Kven skal skriva noko om dette? Kven vil politikarane høyra på?

Kva plass kan kultur ha i den nye store prosjektet til Hardanger – «Heile Hardanger heile året». Kultur som næring er viktig.



Hardangerrådet iks



3. I Hardanger har me mange aktørar som jobbar for å setja kunst og kulturliv på kartet.

I arbeidsgruppa sit desse: Hardingpuls, Messen, Hardanger Kunstlag, HardingArt, Litteratursymposiet. Leiar i Hardanger kulturråd tek del i den arbeidsgruppa og fekk informerte om arbeidet dei gjer, og at dei 09.02.2018 skal ha ein workshop med reiselivet for å utvikla samarbeid mellom kultur og reisleiv som næring.

4. Korleis jobbar kommunane med kulturminneplanen? Har kommunane eigne tilskot knytt til tiltak i planen?

Diskusjon om planar gjekk meir på generell kulturplan, og det kan vera bra å ha ein felles overordna kulturplan eller kulturstrategi, med lokal handlingsplan .

Kulturminneplan er for det meste lokal.

Men kven i kommunen skal gripa fatt i ein slik plan, når ein ikkje har kultursjefar igjen?

5. Ymse

Kva skjer med kulturen i Hardanger?

Kven skal utvikla kultur og kunst i Hardanger?

Kultur er skapande kraft, kreativ utvikling og gründerskap.

Kva er identiteten til Hardanger?

Me må få nokon med tyngde som kan fortella kor alarmerande dette er.

Slik at det får slagkraft hjå ordførarane og inn i kommunane.

Hardanger kulturråd inviterar Knut Olav Åmås til å ha eit innlegg på Hardangerrådet og Rådmannsforum ilag med Hardanger kulturråd, med ei felles drøfting etterpå.

Dato: 26. april 2018 i Odda kl 1200-1500

Hardanger kulturråd vert utfordra til å koma med bestilling til Knut Olav Åmås, som vil koma.

Stikkord for bestilling til samling med Knut Olav Åmås

Sjå vedlagt dokument frå Lage

Regionalt kulturfond: Dagleig leiar informerte om at det vert laga sak om regionalt kulturfond, for å styrkja fondet i Hardanger.

6. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane

Utsett til neste møte.

Referat av Trude L. Rinaldo